



Årsmøte 2020 Sogndal SV

Referat frå årsmøte 23.01.2020

Desse møtte:

Vibeke Johnsen, Astrid Hammer Bolstad, Jan Sigurd Haugen, Oddbjørn Bukve, Hans Christian Knudsen, Steinar Øydvin, Anna Hamre, Mariann Mundal, Kirsti Lunde, GjØri Skjerdal, Oddbjørn Saltnes og Hanne SæbØ

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga og dagsorden samrØystes godkjent.

2. Val av ordstyrar, skrivar og to til å skrive under protokollen

Framlegg ordstyrar Kirsti, skrivar Hanne, framlegg to til å skrive under GjØri og Anna. Alle samrØystes valde.

3. Årsmelding 2019

Leiar Steinar la fram årsmeldinga- det har gjennom året vore stor aktivitet og vi fekk eit godt valresultat.

Det skal leggjast til litt i årsmeldinga om arbeidet i Leikanger v/Jan Sigurd og Balestrand v/Aud Kari. Steinar avtalar dette nærare med dei.

Årsmeldinga vart samrØystes vedteken.

4. Rekneskap 2019

Leiaren la fram rekneskapen – inntekter større enn vi rekna med. Innsparinga skuldast m.a. måten vi organiserte på pakking og distribusjon av valprogram og -lister på; med dugnad saman med fleire av dei andre partia.

Rekneskapen vart samrØystes vedteken.

5. Arbeidsplan 2020 – innleiing styret v/leiar og kommunestyregruppa Oddbjørn.

«Styret skal»

Det kom framlegg om at punktet medlemsmØte framfor kommunestyremØta vert endra til medlemsmØte med vekt på kommunestyresaker, og at vi held eit slikt vår og eit haust. MØta vert annonserte slik at medlemmane er orienterte om tidspunkt for mØta.



«Politiske saker v/kommunestyregruppa»

Vi skal jobbe for å få mest mogeleg gjennomslag for den politiske plattformen og arbeidet med klima- og miljøplanen. Vi skal elles jobbe med: transportplan, ein offensiv bustadpolitikk og næringsareal, at barnetrygd ikkje skal reknast som inntekt ved utmåling av sosialstønning, fleire opptak i barnehagane gjennom året, «Saudamodellen», utvida skuledag, ordførar for fred – mot atomvåpen.

Ny rådmann er no på plass og det viktige ser ut til å fungere. Vi har fått ein arbeidssam ordførar og har hatt fine markeringar av ny kommune. Det har vore flotte kulturmarkeringar. Det er etablert arena for møte mellom politisk.. leiing og komitéane.

Vi skulle gjerne jobba meir med Pride. Vibeke er blitt kontaktperson for Pride i Sogn.

Innspel og drøfting kring kva som skal stå på arbeidsplanen, jf. eiga liste.

Arbeidsplanen vart samrøystes vedteken.

6. Budsjett 2020

Det kom innspel om at vi gjerne kan bruke meir pengar i valår enn i mellomåra, men at det er viktig at vi tek oss råd til å delta på konferansar. Neste år er det landsmøte, og vi bør vere representert der. Vi bør ikkje spare slik at vi har stor eigenkapital.

Budsjett 2020 vart samrøystes vedteke i samsvar med framlegget.

7. Innkomne saker og fråsegner

Det var ikkje komne inn framlegg til saker eller fråsegner.

8. Val av styre, revisor, valnemd og tre utsendingar til fylkesårsmøtet i Bergen 8.-9. februar

a) Styre – samrøystes i samsvar med framlegg

Leiar Steinar Øydvin attval for 1 år

Styremedlemer:

Kjell Einar Barsnes	Sogndal	attval for to år
Carlo Aall	Leikanger	attval for to år
Hans Christian Knudsen	SU/Sogndal	attval for to år
Vibeke Johnsen	Sogndal	attval for to år
Steinar Øydvin	Sogndal	ikkje på val
Kirsti Lunde	Sogndal	ikkje på val
Hanne Sæbø	Balestrand	ikkje på val

Varamedlemer_

1. GjØri Skjerdal	Leikanger	ny for to år
2. Tone JØrgensen	Sogndal	ikkje på val
3. Gerd Laila Ræstad	Balestrand	ikkje på val



b) Revisor – samrøystes i samsvar med framlegg

Jan Sigurd Haugen

Leikanger

attval

c) Valnemnd – samrøystes i samsvar med framlegg + ein frå SU

Siri Nedland, attval for 1 år

Brit Sundgot, attval for 1 år

Oddbjørn Saltnes ny for 1 år

d) Utsendingar til fylkesårsmøtet – samrøystes i samsvar med framlegg

Anna Hamre

Aud Kari Isane

Kjell Einar Barsnes

Vara:

Hanne Sæbø

Oddbjørn Bukve

Ragnhild Freng Dale

Styret får fullmakt til å supplera lista

Referent:

Hanne Sæbø
